



### Unikt rekrutteringsprosjekt

Side 10 og 11

### Gustav Valsvik om:

- Tida i Sogndal
- Promillekeyring
- Profflivet i Tyskland

Portrettet side 28 og 29



### Tøff ferd mot fitnessscena

Side 24-26

# Sogn Avis

Laurdag

21. januar 2017 • Nr. 15

Laussal kr. 30,-

**Toyota Sogn**  
 Høyresvingen 1 • 4814 Rognes  
 T: 57 67 66 66 • www.toyotasogn.no

Bestill service, PKK, dekkhotell: T 57 67 66 66



*«Før eg sjukmelde meg kvitte eg meg dagleg til å gå på jobb, hadde vondt i magen, oppkast, hjartebank og var svimmel, medan eg var på kontoret. Så sa det berre stopp»*

Ti tidlegare tilsette fortel om tida dei jobba i Sogn banevev.  
 Side 13-19

### Dramatisk tiltak mot frykta sjukdom

LÆRDAL: Stammen på 1500 rein i Nordfjella skal skytast for å bukt med den frykta skrapesjuka. – Dette er verkeleg ille, seier oddforar Jan Geir Solheim (t.h.).

Side 6 og 7



### To saker slukte mykje politikraft

SOGNDAL: To tragiske saker la beslag på store politiresursar i fjor. Krav til ressursbruk i overgrepssaker kan bli ei utfordring i 2017. Regionensmannen har fem slike på bordet før halvgått januar.

Side 4 og 5



**KRISA I SOGN BARNEVERN**



# Dei som ikkje orka meir

**SOGDAL:** I fleire månader har Sogn Avis freista å finna ut kva som har gått gale i Sogn barnevern. Kvifor og korleis ein organisasjon som så mange var så positive til, kunne kollapsa.

**IDENNE PROSESSEN** har me snakka med meir enn eit dusin tidlegare og noverande tilsette, 16 for å vera heilt nøyaktige. Dei fleste har slutta dei siste månadane. Me har snakka samstundes som varslarar. Me har garantert dei full anonymitet. Alt tyder, ÷verre – på at dei har mykje å tapa på å stå fram. Og ikkje minst at dei har mykje å frykta. Nokre av dei torer ikkje ein gong fortelja sin historie anonymt, av frykt for å bli identifiserte.

**DEI FLESTE SKAL** jo halda fram med livet sitt i denne regionen. Mange opplever at dei i jakta på ny jobb blir stigmatiserte av si fortid i Sogn barnevern. At dei er uynskte rundt om. At dei får skuld og ansvar for det som har skjedd.

**FLEIRE FORTEL AT** dei ikkje ein gong er vortne kalla inn til intervju til jobbar dei er openbert er kvalifiserte for. «På bygd» høyrer dei at det er spreidd rykte om kor vanskelege dei er. Kor mykje dei skal ha sutra. Så ja – dei har mykje å tapa. Difor er det ti historier som følgjer på dei neste sidene, ikkje 16. Men dei ti er sterke nok om korleis det har vore å jobba i Sogn barnevern i mange av desse åra.

**ER DET NOKO** som har prega samtalanene og møta våre og som går att i alle breva og e-postane, så er det den frykta desse damene – det er nemleg nesten berre damer som har vore sakshandsamarar i Sogn barnevern – har kjent og kjen-

ner på. Kva dei har vore igjennom på arbeidsplassen sin.

«Veit du kva, problemet dykkar er å få folk til å tru på dette. Korleis kan nokon tru at dette har skjedd – her i Sogn no – i vår tid?» Det var reaksjonen ei av dei tidlegare tilsette fekk etter å ha fortalt sambuaren sin om kva ho og hennar kollegaer har opplevd. Kva dei hadde gått gjennom. Og me er samde – dette er nesten ikkje til å tru.

**SOGN AVIS HAR** sakte, men sikkert grave oss ned i den materien som Sogn barnevern utvikla seg til å bli fram til sommarens/hausten 2016. Undervegs har me fått tilgang på fleire kilo med dokument. Det er både brev, dokument, utskrift av e-postar og sms'ar. Og det er interne rapportar og avtalar som er unntakne offentlegheit. Og ja – mykje er av ein slik karakter at du ikkje vil tru at det er mogleg. Me hadde neppe trudd kor gale dette har vore, utan å få desse dokumenta, desse prøva, i hendene. Ikkje minst den grundige og balanserte rapporten som ein ekstern konsulent sende til kommunen våren 2015. Me har også dokumentasjon på utbetaling av erstatning på 150.000 kroner til tre tilsette for mobbing i tenesta.



**Jan Inge Fardal**  
KOMMENTAR

**I TILLEGG TIL** alt dette har me intervju mange involverte, ansikt til ansikt, i grupper og på telefon. Og sist, men ikkje minst – har kvar og ein skrivt til Sogn Avis om tida si Sogn barnevern. Dette er sett saman til den dokumentaren me publiserer i dag.

**DESSE DAMENE, SOM** har utdanna seg for å gjera den kanskje vanskelegaste, tøffaste, og viktigaste jobben du kan ha – er alle som ei – djupt fortvila over at dei har måtta gje seg i Sogn barnevern. At dei ikkje orka halda fram i ein jobb dei

har lagt heile sjela si i. Fleire av dei har teke kompetansen sin vidare til andre kommunar, og alle er klare på at dei aldri kjem attende til Sogn barnevern med det eksisterande regimet.

**SLIK HAR BARNEVERNSTENESTA** for kommunane Sogndal, Leikanger, Luster og Balestrand vorte tappa for meir enn 80 års (enkelte hevdar over 100) erfaring frå dette vanskelege faget.

**DET ER GRUNN** til presisera at dei historiene, dei opplevingsane og dokumenta denne dokumentaren byggjer på, er henta i heile perioden frå 2009 og fram til hausten 2016. Men at me, etter å ha fått tilgang på den nemnde rapporten som den eksterne konsulent leverte våren 2015, har konsentrert oss mest om perioden frå 1.1.2015 og fram til no. Omtrent den same perioden der Fylkesmann sin førebelse tilsynsrapport har peika på groverande brot på både lover og reglar.

**DEI SISTE MÅNADANE** er det kome mange nye kostar i den faglege delen av Sogn barnevern, og no går forhåpentlegvis alt så bra som det blir hevda. Samstundes er det einaste som ikkje er endra på topp-leiinga.

**DEI SOM HAR** slutta føler dei har fått skulda for at det har gått så gale. Ingen i leiinga har teke noko som helst ansvar for at så mange har slutta. Ingen ansvarlege har spurt desse kvinnene om kva dei har vore gjennom. Nesten ingen politikar har vore i kontakt med dei. I kommunestyremøtet før jul var til dømes Arbeidarpartiet, som vanlegvis plar vera opptekne av fagorganiserte sine rettar, mest opptekne av leiinga sine arbeidsvilkår.

**MELLOM ANNA DIFOR**, men mest for å bidra til at dette ikkje skal skje igjen, har me laga denne dokumentaren om alle dei høgt utdanna damene, som ikkje orka meir, si tid i Sogn barnevern.

## KRISA I SOGN BARNEVERN



HELSESENTER: I dette bygget har Sogn barnevern halde til heilt sidan opprettinga i 2008.

## – Ein lette å få kreftdiagnosen

Ho var ei av dei mest robuste i barnevernstenesta, trudde alle. Dei skulle berre visst kor feil dei tok.

Då ho fekk ein kreftdiagnose såg ho det som ein stor lette. **Ho vart sjukmeld og slapp den uthaldelege kvardagen i Sogn barnevern.**

Ho er ei voksen dame, utdanna førskulelærar, med vidareutdanning og arbeidserfaring frå barnehage, skule og PPT og altså – Sogn barnevern.

Der opplevde ho tidleg at ho ikkje fekk delta på interne møte og grunngevinga var teieplikta, saksbehandlarane skulle berre informera ho i dei sakene ho skulle ha. Slik vart **hennar kompetanse på barn**

**og barns utvikling lite brukt.**

Ho hadde liten informasjon om familien – og ettertid har ho sett kor viktig det er å vera med på prosessen fram til tiltak.

Ho fekk få saker – og trur hennar kompetanse vart underkommunisert når sakshandsamarane hadde møte. Når det var møte om saker ho var inne i – måtte ho vita alt. **Det var ikkje rom for å lura på noko – vera usikker – då vart du ikkje høyrd.** Ho skulle vita alt med ein gong – noko som førte til at ho vart lojal mot klientane og ikkje inn mot kontoret. **Når det var fellesmøte mellom alle tilsette**

**– var det fokus på kaffipausar og kaffikrus.** Ho fortel at ho ein gong sa at dei ikkje måtte **gløyma kven dei var der for.**

«Det var viktig med orden, men hovudoppgåvene våre var borna og familiane, sa ho og det trur ho gjorde at ho seinare var **utsett for sjikane, mobbing og trakassering.**

Det gav seg uttrykk i at permisjonssøknader, avspaseringar og liknande «forsvann». Dåverande leiar påstod at vedkomande aldri hadde motteke dette. Dette skjedde fleire gonger. Ein gong var ho sjukmeld – og sjefen ringde henne den dagen ho skulle til lege. Ho tok ikkje telefonen, men ringde opp att til sjefen då ho var ferdig for å fortelja at ho var friskmeld. Dagen etter skulle kontoret på to dagars kurs til Løen og ho fekk beskjed om at ho ikkje fekk reisa på kurs sidan ho hadde vore sjuk – ho måtte ta att det forsømte på kontoret.

«Det var ingen andre enn eg som viste kva eg gjorde og kvar eg skulle følgje opp familiar. Så når det hadde vore avtalt kurs – hadde ikkje eg andre avtalar. Så då sat eg to dagar på kontoret utan noko å gjera», fortel ho.

**Ein gong skulle ho ha eit møte med tenesteleiar og barnevernsleiar om sakene sine. I staden så fekk ho høyra frå**

**sjefen at ho ikkje gjorde jobben ho var sett til.** «Sjefen vart veldig sint, stygg i ordbruken og ikkje innstilt på nokon dialog. Eg vart heilt sett ut. Eg fekk ikkje sagt noko om kva eg meinte. Då eg kom ut frå dette møtet byrja eg å grina. Eg snakka med ei anna tilsett og ho var forferda over at eg grein. Ho meinte eg var den sterke. Etter dette prøvde eg å gjera som dei sa

– eg fylte ut skjema – dersom eg hadde nokre minutt og ikkje kunne gjera greie for, dikta eg opp ein telefonsamtale eller liknande med klientar», fortel ho. Ved eitt høve vart ho så skremd at ho skreiv under ei skriftleg åtvaring etter at ho hadde teke avspasering.

Så fekk ho diagnosen brystkreft, og skriv til oss: «Dette opplevde eg som ein lette, no kunne eg vere sjukmeld».

Då ho var ferdig med behandlinga sa ho opp i Sogndal kommune og byrja i barnehage i ein annan kommune, der ho trivst veldig godt. Ho fortel også at ho har søkt stillingar i Sogndal som ho er svært kvalifisert for, men har aldri vorte kalla inn til intervju...

## Vondt å sjå korleis kollegaer har blitt behandla

«Å tenkja tilbake til jobben i Sogn barnevern er både tungt og vanskeleg. Tungt fordi eg har prøvd å fortregja og brukt lang tid på å bearbeida opplevingar som ikkje har vore gode», skriv ei av dei tidlegare tilsette.

Ho held fram: «Dette er vanskeleg fordi det har vore vondt å sjå korleis kollegaer har blitt behandla. Gode kollegaer med mykje erfaring, sterke kollegaer med ryggrad og meiningar, genuint interesserte i fag og familiar. Kollegaer som har betydd alt».

Da eg kom ut frå dette møtet byrja eg å grina.



KRISA I SOGN BARNEVERN



MOTE: Sogn Avis har hatt mange møte med tilleggsrå tilsette i barnevernet.

Ho peikar på at det står i **Menneskerettighetene Artikkel 19, «enhver har rett til menings- og yringsfrihet»**. Denne rett omfatter frihet til å hevde meninger uten innblanding, og til å søke, motta og meddele opplysninger og ideer gjennom ethvert meddelelsesmiddel og uten hensyn til landegrensar. «I Sogn barnevern blei ikkje denne artikkelen lagt vekt på. Leiinga skapte sider. Det var to sider. Rett eller gale. Det var ikkje akseptert å stå i mellom, då blei du pressa til å ta side.

Det var heller ikkje akseptert å vere på «feil» side. Kva som var rett og feil side, blei definert



INNGANG: Sogn barnevern held til i etasje av var legesenteret.

av leiinga, i hovudsak **barnevernsleiar og nestleiar**. Ei leiing som helst ikkje ville at du skulle meina eller tenkja, ei leiing som ville at du skulle gjera som dei ville og meina som dei meinte. Dersom du ikkje meinte, var det også feil. Då fekk du passet påskrive om at du eigentleg tok parti med «feil» side», fortel denne kvinna.

Som tilsett i Sogn barnevern var det vanskeleg å vita kva som blei definert som leiing, då det alltid var fleire enn sjølve leiar som hadde kjennskap til personleg informasjon om deg.

«Eg blei svært usikker, kven kan du stola på og kven er «farlege». For her var dei ein ikkje kunne stola på, dei «farlege», og det viste seg ganske tidleg at dei «farlege» var leiinga og dei nærmaste hjelpearane», held ho fram.

«Å jobba i barnevernet er ein spennande og lærerik jobb, men å jobba med barn og familjar i vanskelege situasjonar er også krevjande og tøft. Utfordringar er naudsynte for utvikling og meistring i jobben, men utfordringar treng oppfølging. Oppfølging var mangelvare. Du blei sett til saker og utfordringar du ikkje kjende til, utan hjelp og støtte frå leiinga. Du skulle ikkje diskutera saker med kollega, men ta dette med leiinga», sluttar ho sin historie.

## Konstant dårleg samvit

Ho starta i eit vikariat som sakshandsamar, og hadde alt frå starten ei liste med mange saker der ho skulle vera sakshandsamar 1, det betyr å ha hovudansvaret for sakshandteringa.

Fleire av desse sakene var tunge og svært krevjande barnevernssaker. Men det var lite oppfølging av sakshandsaminga og ho måtte stadig støtte seg til andre nyttilsette ved kontoret. Etter kvart opplevde ho jobbsituasjonen som svært stressande og krevjande, noko som gjekk veldig negativt ut over korleis ho fungerte i kvardagen, både på jobb og privat.

« Dette gjorde at eg konstant gjekk rundt med dårleg samvit, fordi eg ikkje klarte å gje gode nok tenester til borna og familiane. Eg var spesielt redd for dette skulle få alvorlege

konsekvensar for borna grunna dårleg oppfølging frå meg som sakshandsamar. Noko eg kjende som svært utrygt», skriv ho til Sogn Avis.

Ho tok opp den krevjande arbeidssituasjonen med nærmaste leiar fleire gonger, men følte ikkje at dette blei teke på alvor. «Sånn er det å jobbe i barnevernet», var melodien frå leiinga, fortel ho. Etter kvart som ho fekk betre innsikt i situasjonen på kontoret såg ho **konturane av eit dysfunksjonelt psykososialt arbeidsmiljø** som påverka drifta ved kontoret i stor grad som ho til slutt måtte vekk frå.

## Maktmisbruk og splitt og hersk

Ho vel å skriva om si oppleving av Sogn barnevern i håp om å underbygga det som hennar tidlegare kollegaer har kjempa for, rettferd og ei forbetra teneste for familiane som er og vil koma i Sogn barnevern.

«Eg stiller meg undrande og kritisk til om Sogndal meistrar oppgåva si som vertskommune og håpar at andre kommunar også vil stilla spørsmål og forlanga skikkelege svar», opnar denne tidlegare barnevernfagleg tilsette si historie.

Ho peikar på at då ho kom inn i tenesta var det etter hennar oppfatning leiinga som heldt oppe konflikten gjennom sitt **maktmisbruk og sine splitt og hersk-metodar**.

«Du vart indirekte trua med kommentarar frå leiinga med utsegner som «dei har vore illojale mot leiinga, sett seg i mot oss, og me skal syta for at dei aldri igjen får ein jobb i Sogndal kommune», skriv ho. Ho fortel vidare at dei tilsette også fekk stadig instruksar om korleis dei skulle jobba i sakene, det var ikkje drøftingar, men kommandering.

«Det blei halde møte som gav instruksar om å ikkje snakka med andre tilsette, som det blei hevda frå leiinga, hadde dårleg påverknad på ein sjølv. Leiinga tok ofte føre seg tilsette på ein konfronterande og ubehageleg måte på fellesmøte. Eit døme på den trykkjande stemninga var då den eine utsette tilsette til slutt gjekk gråtande frå møtet, og me andre ikkje torde å gå etter for å trøysta. Det blei då vidare snakka nedlatande om den tilsette frå leiinga til oss andre», skriv ho.

Leiinga snakka om og etterlikna ofte andre tilsette på negativt vis, ope og bak ryggen til den det galdt.

«Me blei ofte mistenkjeleggjorde og mistrudd for å ha skjulte agendaer. Det var ei ekstremt kontrollerande leiing, som til dømes ikkje likte at du snakka med enkelte kollegaer eller at du jobba med døra igjen, fordi då kunne du jobba med eige «skjulte agendaer».

Etter at ho slutta var ho veldig nedbroten og det tok lang tid å forstå at det ikkje var ho det var noko gale med, men at ho var blitt utsett for ei **narsissistisk leiing som ikkje hadde sjølvinnakt til å forstå, angra, eller vera lei seg for kva dei har utsett sine kollegaer for**.

«Men det tristaste er at desse menneskja skal vareta dei mest sårbare i samfunnet», skriv kvinna som er sjeleglad for at ho kom seg vekk og er vidare med livet sitt.

Dette gjorde at eg konstant gjekk rundt med dårleg samvit fordi eg ikkje klarte å gje gode nok tenester til borna og familiane.

## KRISA I SOGN BARNEVERN

## Ekstremt feige og tafatte politikarar

«Dersom mi tid i Sogn barnevern skal beskrivast med få ord, må det bli «eit helvete». Eit helvete på grunn av det eg har vore utsett for sjølv, og ikkje minst for det eg har vore vitne til at andre har vorte utsette for».

Slik opnar denne kvinna si historie. Og ho held fram: «Eg hugsar me fekk ein ny vikar, ho kom inn vital og sprudlande. Ho hadde fått drøymejobben. Eg ønskte ho velkommen, men hadde mest lyst å be ho kome seg vekk, eg var redd for kva som ville skje med ho. Det gjekk ikkje bra. Ho vart teken inn i varmen hjå leiinga og fekk streng beskjed om kven ho skulle snakke med og ikkje, og kor hennar lojalitet høyrde heime. Ho forsvann etter kvart ut av tenesta med tung bagasje. Dette var starten på hennar karriere».

Ho hugsar godt kva som fekk ho i unåde hjå tenesteleiar og nestleiar. Ho sa ifrå då leiar og ein tilsett snakka negativt om ein kollega som ikkje var til stades. «Eg kom tydelegvis då på «feil side», skriv ho og då starta nekturen. Ho vart skulda for ting som ho ikkje kjende seg att i, og vart kalla inn «på teppet» for episodar som var heilt bagatellmessige.

«Det vart ei heksejakt. Det var umogleg å gjera noko rett, alt vart vridd og vendt på. Oppspinn og angiveri frå andre i organisasjonen som sjølve prøvde å kome i særstilling hjå leiinga, vart godt motteke», fortel ho.

Mange før ho hadde stått aleine i slike heksejakter, og forsvann ut i sjukmeldingar ei etter ei.


«Era vera dei som har klarte å stabla seg på beina igjen etterpå. Eg var ikkje aleine, me hadde i det minste kvarandre. Arbeidstilsynet kalla det mobbing og trakassering. Me fekk inn leiarar og eksterne som tok dette på alvor. Tenesteleiar «valde vekk jobben sin i Sogn barnevern», og nestleiar vart fråteken sin funksjon som nestleiar. Endeleg skulle me få fred. Endeleg fekk me leiarar som vart trygge nok på seg sjølve til å ta avstand frå uthenging og trakassering. Som klarte å lytta og leiå gjennom relasjon. Som sette pris på faglege diskusjonar og sterkt engasjement. Me kunne ei stund senke skuldrene, og ha fokus på arbeidsoppgåvene våre. Men det varte ikkje lenge før heimaksjonane frå utsida kom, og kommuneleiinga klarte ikkje å setja ein stoppar for dette. Leiaraane som hadde klart å skapa tryggleik i personalgruppa, forsvann ut.

Tenesta som var på rett veg, var på nytt i fritt fall, fortel denne dama til Sogn Avis fleire veker før me fekk rapporten frå den eksterne konsulenten i hende.

«Det vart etter kvart tydeleg å sjå kva type leiarar Sogndal kommune ynskjer å ha. Diverre

Diverre er det ikkje den type leiarstil som fungerer i ei teneste som skal ha ansvar for ei så sårbar gruppe.

Eg og familien min har fått eit nytt liv etter at eg slutta i Sogn barnevern.



GJENNOMGANG: Me har gått gjennom tekstane saman med dei tilsette i Sogn barnevern.

er det ikkje den type leiarstil som fungerer i ei teneste som skal ha ansvar for ei så sårbar gruppe. Det einaste me tilsette bad om, var litt støtte, omsorg og tillit, fortel ho.

Ho har fått seg ny jobb. Og kjenner på den eine sida ster sorg for at ho ikkje får følgja dei sårbare og

barna, fosterheimane foreldra som ho har så mykje sut, omsorg og engasjement for. Samstundes vart ho veldig sjuk, og kunne ikkje utsetja sin eigen familie for fleire «rundar».

Ho held fram: «Eg og familien min har fått eit nytt liv etter at eg slutta i Sogn barnevern.

Likevel vert og framleis heimsøkt av

tvil og uvisse, livredd for å bli misoppfatta. Mi tid der har tydelegvis sett djupe spor. Eg har mange gonger lurt på kva som gjer at eg og andre har blitt i Sogn barnevern så lenge. Eg har kome til at det først og fremst handlar om det sterke engasjementet for familiene, fosterborna og fosterheimane me jobbar med. Samt at me etter kvart vart så nedbrotne at me mista trua på oss sjølve, seier ho.

I ein e-post litt seinare skriv ho: «Eg tenkjer at vi har vore vitne til ein ekstrem følgskap og tafattheit frå politikarane i dei ulike kommunane. Kanskje skuldast det kjennskap og venskap, kanskje er det berre lettast å fraskrive seg ansvaret. Uansett kva grunnen er, legg det til rette for at slike overgrep kan få fortsette, og at viktige tenester ikkje vert varetakne på ein god nok måte».

Og ho sluttar slik: «Eg er oppteken av å få kasta lys på situasjonen i Sogn barnevern til dei som har makt til å gjera noko med det. Dei kan då ikkje gøyma seg bak at dei ikkje visste noko om det. Politikarane kjenner rådmannen i Sogndal kommune gjennom ord, me kjenner han gjennom handling. Eg tenkjer difor at det bør vere verdt å lytta til oss. Me er manges,

skriv ho og legg til: «Nestleiarer som vart fråteken si stilling, er no på full veg tilbake i leiinga i Sogn barnevern».

## Vart mobba ut av jobben

Då ho vart sjukmeldt i ein permisjon fekk ho beskjed frå leiinga om at ho ikkje var ønska i Sogn barnevern og at det beste for tenesta var at ho sa opp stillinga.

Ho byrja att etter permisjonen under ny barnevernsleiar og ho fekk ein god start, samtidig som ho blei kasta inn i faste møte der det som hadde skjedd under førre leiar skulle tilarbeidast.

«Kollegaene mine var fortvila og det var mykje gråt. Eg kom inn i ei teneste som var i gang med å bli bygd opp att. Det var øyst i gang tiltak som skulle betene situasjonen og det fungerte. Tenesta jobba då målretta og det var stor betring. FOs tillitsvalde uttalte på eit møte at det var kjekt å koma inn i gmgen, for no var dørene til kontora opne og han høyrde me snakka og latteren sat laust, fortel ho.

Så kom sommaren 2015, dåverande barnevernsleiar gjekk ut i sjukmelding. På hausten kom Hadle Blikra inn som vikar og i førsteinga rosa han det faglege arbeidet deira, sa at dei hadde gode teammøte og at kompetansen var høg.

«På det første møtet tenesta hadde med kommunalsjef Marit Hagevik sat ho å trampa i golvet og slo i bordet gjentekne gongar medan me fekk høyra ho fortelja kor flink ho var i jobben sin. Me var lettare sjokkerte, men samstundes var det godt å høyrst at det som hadde skjedd i Sogn barnevern aldri skulle gjenta seg. Men det gjorde dets, skriv ho i ein e-post.


Her fortel ho at den vikarierende barnevernsleiareren forandra seg. Teammet gjekk over til kjetting og uthenging av dei tilsette.

«Barnevernsleiar Blikra oppørte seg på ein truande måte og me visste aldri når det eskalerte. Han toler ikkje at andre har andre meiningar enn han. Dette førte til at eg ikkje tok opp saker på team. Frykta kor at det var



GÅR ATT: Ikkje mange gladmeldingar.

## KRISA I SOGN BARNEVERN



MANGE: Sogn Avis har møtt 16 av dei som var tilsette i Sogn barnevern fram til 2016.

meg det skulle gå ut over var for stor. **Han kom og med uttalar om at han hørde på bygda at nokon i Sogn barnevern braut tausheitsplikta si, men meir ville han ikkje seia. Han skapar 'visse', fortel ho i e-posten.**

Ho fortel vidare at i eit møte med kommunalsjefen fekk dei vita at **barnevernsleiaren er redd for å møte dei aleine**, for den opplevinga han hadde etter eit møte og den opplevinga me sat med, **samsvarer ikkje, og det er jo hans oppleving som galdt. Ho vart ikkje sjølv kjefte på, ikkje uthengd og ikkje utskjelt. Ho blei utfrosen og barnevernsleiaren gjorde sitt yttarste for å psyke henne ned.**

«Han tok vekk sakene mine, eg fekk eit par når eg sende melding til heile tenesta at eg hadde mykje ledig kapasitet. **Han snakka med kollegaene mine, men ikkje med meg.** Valde å slå blikket ned når han såg meg, snu seg vekk, ikkje svara når eg spurde om noko. Etter samtale med legen byrja eg late att døra på kontoret mitt, for å stengja alt ute. På kontormøte blei det teke opp at han blei usikker når dører var stengde, for **han var redd for at me sat fleire på kontoret og snakka om han.** Eg byrja å sitja med open dør att. Eg vart den som ikkje fekk informasjon når det var noko. Det er berre nokre utvalde som gjer det. Mens eg hadde saker opplevde eg at eg ikkje fekk att vedtak Blikra måtte signera. Han fann dei ikkje att, eller hadde ikkje tid til å sjå på dei. På det meste tok det nesten to månader», skriv ho.

«Og held fram: «Når **kommunalsjef Hagevik sit og seier at «den neste som sjukmelder seg pga. arbeidsmiljøet blir omplassert, eg har gjort det før og vil gjer det igjen», så set eg på det som ein trussel. Sjølv om Hagevik presiserte at det ikkje var ein trussel», skriv**

denne kvinna i 30-åra. Ho legg til at dei også fekk beskjed om at det **ikkje er lov å uttrykkja at dei ikkje har tillit til rådmannen. Det ville kommunalsjefen slå hardt ned på.**

Vedkomande er forlangt sjukmeldt att. Som legen bennar seier: «Du kan ikkje fortsette i ein jobb der du blir mobba, for det du opplever er mobbing»

– Eg har vanskar med å sova om nettene, og når eg søv så drøyer eg om jobben. Eg er sliten, verk i hovudet, magen og får følelsen av å ikkje klara pusta når eg tenker på jobb. **Før eg sjukmelde meg lvidde og meg dagleg til å gå på jobb, hadde vondt i magen, oppkast, hjartebank og svimmelheit** mens eg var på kontoret. Så sa det berre stopp. Eg kan ikkje fortsetja å frykta neste arbeidsdag. Ikkje berre går det utover helsa mi, det går også utover familien min. Som eg sa til legen min, me krev ikkje så mykje av leiinga, me krev å få støtte, ikkje bli uthengt, utskjelt, mobba og me krev å ikkje bli trua, sluttar ho historia si – i denne omgang.

## Fekk beskjed å juksa med tiltaksplanar

– Det er mange «svarte hol» i minnet mitt om Sogn barnevern, fortel neste barnevernsdame og minnest at sakkunnig, etter arbeidstilsynet var inne, sa at det kunne vera fordi dei hadde opplevd, kunne opplevast på same måte som eit traume.

– **Når du er blitt trakassert, oversett, fått stygge blikk, blitt spreidd falske rykte om, er det vel kanskje sånn som kan skje. Eg har mange bilete av fortvila kollegaer i hovudet mitt, nyttilsette full av pågangsmot, som kjem gråtande inn på kontoret mitt.** Mine flotte kollegaer og vener, som er blitt redde og usikre, fortel denne kvinna som byrja i Sogn barnevern for fleire år sidan.

Ho hadde vore tilsett i berre nokre veker då alle, på kort varsel vart kalla inn på møte i formannskapssalen ein fredag ettermiddag.

«Heile møtet var svært ubehageleg og **temaet var at tilsette ikkje syntse respekt for leiinga.** Som nyttilsett hadde eg ikkje merka noko til dette. Då eg gjekk heim gret to av mine kollegaer på grunn av stemninga i møtet. Det var første gong er registrerte at noko ikkje var som det skulle i Sogn barnevern», skriv ho. Det gjekk ikkje så lang tid før ho var «ute av varme» i leiinga. Dette opplevde ho som ein direkte konsekvens av at ho ikkje ville snakke stygt om ein kollega saman med leiaren sin, også, etter at ho var ute i ei kort sjukmelding.

«**Då sa tenesteleiar at «eg trudde ikkje du var ein sånn som sjukmelde deg».** Ho er av den oppfatning at for å jobba i barnevernstenesta trengst det stor grad av kontradiksjon og at dei tilsette torer å stilla spørsmål ved dei viktige og store avgjerdene dei skal ta.

«**(Me) barnevernstenesta har stor makt, og det er naudsynt at me utfordrar kvarandre og passar på at alle sider av ei sak blir belyst. Det var også ein av hovudtrankane bak etableringa**

Me i barnevernstenesta har stor makt, og det er naudsynt at me utfordrar kvarandre og passar på at alle sider av ei sak blir belyst.

## KRISA I SOGN BARNEVERN

av Sogn barnevern. Det som slo meg ganske fort, var at det var lite rom for slike spørsmål, me fekk ikkje stilla kritiske spørsmål til store avgjerder, då vart me stempla som illojale. Mellom anna stilte eg spørsmål om ein nyttilsett skulle handtera ei alvorleg sak heilt åleine, då vart eg kalla inn på teppet og vart fortalt at eg ikkje var lojal mot leiinga mi», fortel denne røynde barnevernsarbeidaren.

Etter kvart merka ho også at Sogn barnevern bestod av ei formell leiing og ei uformell leiing. Ho påstår at leiinga hadde eit par tilsette som opptredde som «leiarar».

«Dei visste ting, private ting, om oss andre, og kunne også ta opp personalsaker med oss på tomannshand. Den uformelle leiinga hadde også mynde til å «ta oss føre seg» dersom me hadde sagt noko feil. Me fekk også beskjed om at alle avvik vart førte på oss som person og ikkje noko overordna ansvar frå leiinga sin del i høve handtering av avvik», fortel ho.

Dette vart det ikkje slutt på før arbeidstilsynet kom inn, og dei fekk ein sakkunnig inn i barnevernstenesta som jobba med arbeidsmiljøet over ein lang periode.

«Hovudverneombodet gjorde også ein kjempejobb her, og målet med denne jobbinga var at alle skulle ha det bra på jobb, og det skulle vera rom for alle. Sakkunnig gav oss støtte på at det me hadde opplevd var reelt, og at det me hadde opplevd var mobbing og trakassering frå leiing og uformell leiing. Fleire av oss hadde fysiske og psykiske reaksjonar som ein kan få etter traumatisering, som flashbacks, hjartebank, oppkast, skjelvingar og apati. Den sakkunnige var oppteken av at me måtte rydda i leiarstrukturen. Me hadde på denne tida også fått ein kommunalsjef og ny barnevernsleiar. Endeleg vart me sett, endeleg vart me verdsett, og ikkje minst, endeleg kunne fokuset vårt vera der det skulle vera, på jobben vår. Me vart sende på kurs, me spesialiserte tenesta vår, og endeleg var det glød i meg og kollegaene mine igjen. Denne gleden vart dessverre kortvarig. Ny leiar kom inn, og den uformelle leiinga kom på nytt på banen og fekk blomstra. Det kjendest nesten som ein parodi, at du til slutt utover hausten 2015 var med i ein «kven skal ut»-oppgåve. Til slutt fekk eg meg ny fast jobb, som eg stortrivst i», fortel kvinna som finn det heilt uforståeleg at politikarar ikkje har stilt fleire spørsmål. Det har til og med vore møte med dei andre kommunane, der dei tilsette har fortalt korleis dei har hatt på jobb og bedde dei om hjelp.

«Det er tydeleg at rådmann får seia det han vil, også at me var vanskelege å leia. Me blir den svakaste parten her, fordi me har ikkje same makta som kommuneleiinga som godteik at dette skjer i 2016. Dei kan true, herse med folk akkurat som dei vil, utan at det får konsekvensar. Konsekvensane er det me som måtte ta, me som no ikkje jobbar meir i tenesta som me trass alt var glad i. Eg hadde aldri halde ut i dei fem åra dersom det ikkje var for alle mine fantastiske, flotte og fagleg dyktige kollegaer, i tillegg til støtte frå FO og hovudverneombodet», fortel ho.

Ho fortel at ho var positiv innstilt då Hadle Blikra kom som vikarleiar, men seier at han synte tydeleg etter eit par veker at han gjekk sin egen veg, og ikkje var mottakeleg for innspel.

«Han skjelte meg ein gong ut for alle i personalmøte. Då eg konfronterte han med kvifor han ikkje tok opp ting med meg på tomannshand, så la han skulda over på meg, nesten som eg hadde bedt om kollektiv utskjelling. Det har over tid blitt skapt ein



TRIST: Dei fortel om mange tunge stunder i dette bygget, dei som ikkje orka meir av leiinga i Sogn barnevern.

frøktkultur der alt er basert på å «skremma» dei tilsette til lojalitet. Det er mange «leiarar»

som har fått lov å «leika»leiarar utan at dei har det mandatet, til å fronta personalsaker, og ukvalifisert tilsette har ved fleire høve «handtert personalsaker». Ein kontor-medarbeidar har til dømes i ein periode hatt vedtaksmynde og skrive under på fleire vedtak. Ho vart vurdert til betre skikka enn oss som faktisk har

utdanning innan dette faget. Me har ein gong fått beskjed om å

«juksa» med tiltaksplanar, for å få fine tal», fortel denne kvinna.

Det gjekk ut på å senda ut uferdige tiltaksplanar, med tiltak som ikkje var avtalt familiar for så å i fagprogrammet. Då fekk Sogn barnevern lite avvik på tiltaksplanar.

## Fekk ikkje følgja opp borna som stolte på henne

Ho vart møtt med ei saksmengd åleine i Sogn barnevern, som var like stor som saksmengda til saman i den kommunen ho kom frå. Sjølv om ho hadde erfaring gjennom eit år i to ulike barnevernstenester seier det seg sjølv at ein ikkje maktar å gjera den jobben ein skal gjera med egne saker, i tillegg til dei sakene ein har saman med kollegaer, som relativt fersk. Det var heftige saker med omsorgsplasseringar,

akuttvedtak og fylkesnemnd-saker. I perioden ho jobba ved Sogn barnevern skulle det sparast inn på utgifter knytt til advokat, og dei måtte sjølve skrive saker som skulle i Fylkesnemnda. Dette krev mykje tid og ressursar, tid som ein ikkje har.

Leiinga opplevde ho meir som eit kontrollorgan, som

registrerte kor mange vedtak du har skrive og lagt til godkjenning, kor mange saker du makta, at du ikkje snakka med nokon andre for å spare tid, at du ikkje har avvik som kjem i rapportane. – For avvik, det skulle du ikkje ha. Då måtte du prioritera all di tid til å «ordna» avvika, enn å faktisk gjera ein god jobb i saker som hastar, fortel ho.

Ho opplevde eit godt miljø blant dei

tilsette i Sogn barnevern, og ho har god kontakt med samtlege den dag i dag. Det kunne vera forrykande diskusjonar og drøftingar, med barnets beste som utgangspunkt, men det var aldri konflikter mellom sakshandsamarane.

Det ho opplevde som eit «vendepunkt» i si tid ved Sogn barnevern kom etter eit møte i kommunehuset i samband med sjukmelding på leiar der dei fekk beskjed om at dei var grunn til sjukmeldinga og det var på grunn av arbeidsmiljøet.

– Eg hugsar tårene kom då me gjekk frå møtet og ned igjen til Helsesenteret. Eg tenkte «Kva skjeddde eigentleg no?». Me forstod det ikkje. Det vart sett i gang «tiltak» etter møtet. For det var jo «det dårlege arbeidsmiljøet» og dei tilsette som hadde fått leiar sjukemeldt. Eksterne ressursar vart henta inn for å få oss til å fortelja historia kvar og ein. «Kva dei fortalde her opplevde eg at leiinga brukte mot oss seinare», seier ho.

Ho møtte til slutt veggen og vart sjukmeldt og etter sjukmeldinga fekk ho ikkje jobb vidare.

– Eg fekk ikkje avslutta sakene mine, fekk ikkje snakke med barn eg hadde plassert vekk og som stolte på meg. Eg opplevde at grunnen



Hovudverneombodet gjorde også ein kjempejobb her, og målet med denne jobbinga var at alle skulle ha det bra på jobb, og det skulle vera rom for alle.

**KRISA I SOGN BARNEVERN**

til at eg ikkje fekk jobb vidare var at eg ikkje «var på lag med leiinga». Eg tok saka vidare til fagforbundet, men gjort var gjort og det kunne ikkje verte endra på, sluttar ho.

# Orkar ikkje å vera tilsett i ein organisasjon med ein slik leiarkultur

– Så lenge Jostein Aanestad og politikarane står bak ein slik leiarsstil, kan ein ikkje driva eit forsvarleg barnevern.

Det er ein alvorleg påstand, og den kjem frå ein av dei mest røynde medarbeidarane som har vore tilsett i Sogn barnevern. No har ho sagt opp! Og ho er 100 prosent sikker på at arbeidsmiljøproblema ikkje går over i Sogn barnevern, fordi om leiinga har reinska ut alle dei «gamle».

– Problema i arbeidsmiljøet er ikkje usemje og utryggleik i kollegiet. Gode og omsorgsfulle kollegaer var ein av faktorene for at eg heldt ut så lenge i jobben min som eg faktisk gjorde, fortel ho. Ein annan viktig faktor

var hennar engasjement for usette born og unge. Ho saknar kollegaene sine, arbeidsoppgåvene, borna og familiane deira frå den tida ho var tilsett i Sogn barnevern.

Men ho minnest også manglande forståing hjå leiinga for ekstremt høgt arbeidspress. Ingen av kommunane hadde ved samanslåinga til dømes teke høgde for den tida som vart brukt til bilkøring mellom kommunane. Dei kom inn med sine stillingsheimar og ikkje meir.

– Me har rekna ut tida me nytta til bilkøring i eitt år tilsvara langt over ei stilling, fortel ho og nemner manglande fagleg støtte og oppfølging og at dette ofte var svært tilfeldig, ut ifrå kompetanse og personlege meiningar kva hjelp familiane fekk i sakene sine. Og stort fokus på flekslister, timelister, køyrelister og føring i kalender. Leiinga hadde ei lang tettare oppfølging i dette arbeidet, enn det faglege arbeidet dei utførte.

– Ekstremt fokus på lojalitet, stadig kritikk for å ha for lange kaffipausar, ingen tilbød om oppfølging etter tøffe tak i sakene våre, forskjellsbehandling av personalgruppa, oppvaskmøte med kort innkalling, utan sakliste og generelle skuldinger, seier ei av dei mange fortvila barnevernsarbeidarane som Sogn Avis har snakka med dei siste veke.

Ho sat med arbeidsoppgåver som voks ho over hovudet.

– Eg syntest eg gjorde ein dårleg jobb. Sjølv om eg gav beskjed til leiari fekk eg berre nye oppgåver og saker. Plutselig sat eg på kontoret og ønska at eg vart sjuk slik at eg kunne få fri. Den hausten vart eg sjuk, eg fekk kreft. Då anga eg bittert på tankane mine. Då eg kom att frå sjukmelding var ting byrja å skje. Arbeidstilsynet kom og me starta endingsprosessen,



DOKUMENTAR: Sogn Avis har brukt mykje tid på denne dokumentaren.

ting vart betre. Men det vart diverre ikkje langvarig, og når tanken om å ønskje seg sjuk på nytt slo ned i meg hausten 2015 forstod eg at eg måtte koma meg vekk, seier denne kvinna som ikkje orka å vera tilsett i ein organisasjon med ein slik leiarkultur.

– Så lenge Jostein Aanestad og politikarane står bak ein slik leiarsstil, kan ein ikkje driva eit forsvarleg barnevern. Eg har ikkje tru på at Aanestad vil endra seg eller innsjå nokon gong korleis han har ramponert eit veldig godt fagleg utgangspunkt. Me var gode og me hadde mål om å bli best», fortel denne kvinna med tårer i augo.

## Ikkje negativ omtale

Denne kvinna var tilsett i vikariat i Sogn barnevern og sa opp vikariatet med bakgrunn i at ho mistreivt med leiarsstilen. Første dagen på jobb i Sogn barnevern blei ho kalla inn til leiari og fekk klare instruksar om å ikkje omtala Sogn barnevern negativt.

Ho tykte dette var ein meget spesiell start på ein arbeidstad, da ho kom frå eit arbeidsforhold i ei barnevernteneste på Austlandet. Ho fekk også tydelege signal frå leiari om at på denne arbeidstaden var det berre å stå på, for viss ho ikkje gjorde jobben sin på den måten leiinga ønskte, kunne ho ganske enkelt bli erstatta av ein annan barnevernspeagog.

«Eg vart plassert på eit kontor og fekk tildelt klientsaker, men fekk inga opplæring. Verken i forhold til kommunen eller fagsystemet. Eg vart lova rettleiing ein gong i månaden, men denne blei stort sett avlyst av leiari». Ho brukte difor kollegaer til rettleiing og som drøftingspartnarar. Dette vart ho også konfrontert med av leiinga som bad om at kollegaer ikkje sat på kontoret til kvarandre, og dersom det var høgst naudsynleg å snakka med nokon skulle ikkje døra til kontoret latast att. Etter mine vurderingar var det naudsynleg å lukka døra ved drøfting av klientsak, då me delte korridor med andre kommunale einheiter».

«Etter mine vurderingar var leiinga i større grad opptekne av å kontrollers meg og mine kollegaer enn å syta for at Sogn barnevern gjorde ein fagleg god jobb. Til dømes brukte leiinga mykje tid på å kontrollere at ferjebillettane stemde med flekslister», fortel ho.

Leiinga hadde også vanskeleg for å ta i mot både råd og tilbakemeldingar. «Eg hadde jobba i ei anna barnevernteneste og kom med innspel mellom anna i forhold til at Sogn barnevern i større grad kunne følgja lovverket

i forhold til kontradiksjon. Leiinga gav då tydeleg beskjed om at Sogn barnevern jobba på «denne måten» og at eg måtte følgja dette. Eg fekk ikkje lov til å jobba etter lova», fortel barnevernspeдагоgen, som legg til at dette berre er nokre få av episodane ho opplevde.

«I stor grad opplevde eg at leiinga dreiv psykisk terror og brukte ulike hersketeknikkar for å oppretthalda ein slags kontroll», sluttar ho.

Jan Inge Fardal

janif@sgnavis.no



Håvard Nesbo (foto)

haves@sgnavis.no



• Slik svarar Sogndal kommune:

## «Hadde omfattande problem»

SOGNDAL: Både rådmann Jostein Aanestad, kommunalsjef Marit Hagevik og banevernsleiari Hadle Blikra har fått desse historiene til gjennomlesing for høve til samtidig imøtegåing. Rådmann Aanestad svarar på vegne av alle tre og han konstaterer at Sogn barnevern fram til 2016 har hatt eit omfattande arbeidsmiljøproblem, og at dette er dokumentert gjennom regelmessige medarbeidarundersøkingar, rapport frå Arbeidstilsynet, rapport frå bedriftshelsetenesta og rapport frå ekstern konsulent. «Dette materialet gjev eit breiare og meir nyansert bilete enn det som Sogn Avis presenterer gjennom ti anonyme intervju. Tilsette har nok opplevd denne situasjonen ulikt, men det er belastande for alle å vera ein del av eit dårleg arbeidsmiljø over tid. Kommunen har difor tilbydd hjelp til alle som har ønske det, og mange av dei som tidlegare jobba i Sogn barnevern har ønskt seg annan jobb i eller utanfor kommunen. Det er hyggeleg å lesa at mange av desse no har ein god arbeidssituasjon der dei no er», skriv Aanestad i sitt tilsvaer. Rådmannen seier vidare at det no er eit godt arbeidsmiljø i Sogn barnevern, og at tenesta ønskjer å ha full merksemd på barnevernsarbeidet og ikkje på tidlegare arbeidsmiljøkonflikt.